

Lindås kommune
v/ ordføreren
5100 Isdalstø

Landbruksveg Tjukketla – Tvibergnes

25.september 2017

Innleiing: Møte mellom ordførar Astrid Aarhus Byrknes, ass rådmann Hogne Haugsdal, Nils Kålås, Margot Tyborgnes, Geir Tyborgnes, Asgeir Helle og Karstein Stene 14.09.17

Tvibergnes skal vera den einaste grend i Lindås kommune som er veglaus, bortsett frå nokre øyar.

Tilkomst har vore småbåtar, og i mange år ei lite kabelferge.

Denne er no gamal, bygd på 1950 talet, so den kan avslutta sitt bruk kor tid som helst.

Vinterstider, når isen ligg i sundet, er det ofte heilt uråd å ta seg over frå Tvibergnes til fastlandet. bortsett frå å måtte gå i svært ulent terreng fleire kilometer, i snøføre, det er heilt umuleg.

Det er utført hundrevis av dugnadstimar for å halda fergesambandet i orden, eit samband som Lindås kommune har gjeve eit lite tilskot til i ca 20 år no.

For eindel år sidan var det 8 fastbuande i grenda, men dei fleste flytta derfrå p.g.a. vegløyse.

Nokre av desse nærmar seg pensjonsalder, og vurderer å flytta attende, med tida.

Eit anna problem i Tvibergnes er om det skulle bryta ut brann. Utan veg er det berre helikopter eller båt som kan frakta brannpumper og slangar på plass, med den tid det vil ta.

Redning i akutte sjukdomstilfeller er eit anna problem, dette har me røynsle for og i disse tilfella var det lende ukjent mannskap som tok seg vanskeleg fram.

Evt ny fergeanlegg har sin store pris, ogso, men ein ser på det som lite tilfredsstillande, me får ikkje store arbeidsreidskaper over, for å vyrdsla eigedomane, og levera dei til neste generasjonar, i betre stand enn då dagens eigarar overtok.

Margot Tyborgnes er einaste fastbuande i Tvibergnes no, elles er der 3 velhaldne, men nedlagde bruk og 2 fritidseigedomar. Alt svært velhalde.

Med veg fram er Tvibergnes ei grend som det kan vera høveleg for familiar å busetja seg i, for framtid.

Bruk Grn 120/3 og 4 fekk Bu- og Byggeskikkprisen for Nordhordland 2017

Nils Kålås frå Lindås kommune har teikna opp vegløypa, og fått grunnlag for å innhenta tilbud på vegarbeidet.

Det er i dag uråd å koma inn i skogsområdet i Tvibergnes med skogsmaskiner, terrenget er av slik art at det må veg til.

Nils Kålås sa at etter hans rekning av skogareal hittil, ville kunne føra til eit tilskot, som skogsbil/landbruksveg på Kr. 1.500.000.-

Han vil tru at heile veganlegget ville kosta Kr. 4.500.000

Vårt framlegg om finansieringsplan på veganlegget er då slik:

-Tilskot til skogsbil/landbruksveg	Kr. 1.500.000.-
-Eigenbetaling av oppsitjarane i Tvibergnes	Kr. 1.500.000.-
Søknad om stønad frå Lindås kommune	Kr. 1.500.000.-

Kr. 4.500.000.-
=====

Kostnadsestimatet her vart framlagt av Nils Kålås. Skulle dette verta høgare, tillet me oss å nemna om det evt kan verta høve for interessentane å yta meir pengar sjølv, og om Lindås kommune ogso då vil vera med på litt meir tilskot. Ovannemde møte avslutta med at ordførar og ass rådmann ba «Tvibergnesfolket» koma med finansieringsplan for veganlegget, og med søknad til Lindås kommune om økonomisk støtte.

Ut frå finansieringsplan/oppsett tillet me oss å søkja Lindås kommune om vegtilskot Kr. 1.500.000.-

Med venleg helsing

Margot Tyborgnes

Geir Tyborgnes

Sverre Tyborgnes

Øystein Tyborgnes

Helge Tyborgnes

Inger Karin Stene

Paal Daae Stene

Rolf Maurset//Annette Tvedt

Asgeir Helle

Karstein Stene

Anna Olsen